



6 gjestebåtar låg ved den nyopprusta Sandakaien i påska i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag var det berre tre gjestebåtar att i dei tre båthamnane i Uskedalen etter ei påske som har vore heller moderat ,med omsyn til gjestebåt-besøk når ein til dømes samanliknar med påska i fjor.

Den mest nærliggjande forklåringa på skilnaden må vera at påska kom tidlegare i år og at båtfolket berre såvidt har begynt å røra på seg etter ein stri vinter.

Skjærtorsdag plar vera ein god gjestebåt-dag og då var 13 båtar på plass i båtlag-hamna og rundt Sandakaien medan det var 6 på Øyro sitt område, altså tilsaman 19. Det tilsvarande talet skjærtorsdag i fjor var 40!

Påskelaurdag er også tradisjonelt ein god dag og då var 11 gjestebåtar 'parkert' hos båtlaget og ved Sandakaien medan Øyro-vert Egil Høgemark kan melda om 5. Det vart altså tilsaman 16, medan samanlikningstalet frå i fjor var 29.

Konklusjonen blir med andre ord at båtbesøket i Uskedalen denne påska har vore omtrent halvparten så stort som i fjorårspåska. Og så blir det spanande å sjå tala frå Husnes-hamna og den nye Rosendal-hamna.

Har det også skjedd noko i konkurranse-situasjonen mellom dei 3?

Av Ola Matti Mathisen